

KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 1 / 25 · 35. ÅRGANG



S. 3

Fasteaksjonsdagen 5. april.

Vårpuss på Frekhaug



Det er kjekt å preike i Meland kyrkje

“Det var prest du skulle blitt”

Tekst: Solveig Westermoen

Bilete: Anne Sofie Nergård Uthaug

Eva Kristin Dale Wessmann er tilsett som vikarprest i Meland kyrkjelyd og gjekk inn i stillinga 01.01.25. Ho har ein spennande og variert bakgrunn og gler seg over at ho har funne seg ein jobb og ei teneste der ho kan bruke heile seg.

Det var ikkje prest ho skulle bli

I dag bur Eva Kristin på Frekhaug saman med mannen Steinar og tre barn.

Ho vaks opp på Frekhaug og var aktiv i det kristne miljøet her som barn og ungdom. Ho er opptatt av integrering, kultur og formidling og tok ein master i kulturvitenskap ved Universitetet i Bergen. Både før, under og etter studietida har ho reist fleire stader rundt i verda og vore opptatt av det som skjer i skjeringspunkta mellom ulike kulturar og menneske ho møtte der.

Ho fekk seg etter kvart jobb på Nordhordland folkehøgskule, der og mannen hennar jobbar. Ho underviste bistandsklassa og fekk lov til å vidareformidle engasjementet sitt til unge vaksne.

Men verda kalla, og familien - som no talde fire - fekk reise til Singapore og jobbe på Sjømannskyrkja der i tre år.

“Det var der eg såg kva arbeid ein prest eigentleg gjer!” seier Eva Kristin. Ho fekk eit lite innblikk i alle menneskemøta,

samtalane, å vere tilstades i glede og sorg, kvardag og fest og å skape ein møteplass mellom menneske og Gud. “Det var utruleg interessant og veldig fint, og det vart sådd ein tanke i meg om at dette kunne eg og tenkje meg å gjere”.

Etter tre år i Singapore kom dei tilbake til Noreg og Frekhaug. Steinar gjekk tilbake til jobben på Folkehøgskulen, og Eva Kristin fekk jobb som Noregskontakt ved hovudkontoret til Sjømannskyrkja i Bergen. Veslebror i familien vart fødd, og med tre barn, mykje reising og ein travel kvardag var det ikkje mykje som tilsa at ho skulle byrje å studere noko meir.

“Det var prest du skulle blitt”

Så var det ein tilfeldig samtale med Helge Hitland, ein av dei pensjonerte prestane i Meland, der han sa: “Det var prest du skulle blitt, Eva Kristin”. Då glapp det ut av henne “Ja, det var prest eg skulle blitt”.

Og med ein gong ho hadde sagt det høgt, kjende ho at det var sant.

Det vart fleire samtalar, og etter å ha tenkt seg om ei stund, søkte ho seg inn på teologistudiet ved NLA Høgskulen og har no knappe eit og eit halvt år igjen før ho er ferdig utdanna.

No er Eva Kristin vikarprest i Meland kyrkjelyd

Eva Kristin er no tilsett som vikarprest i Meland i 80% stilling - og er student i 20 %. Men sjølv om studietida ikkje er heilt over, gjer ho alle oppgåvene ein prest gjer, utanom brurevigel. Når Kontakt intervjuar henne, held ho på å

førebu både gudsteneste og gravferd. I stillinga skal ho mellom anna ha fokus på familiegudstenester, konfirmantar, barne- og ungdomsarbeid og oppfølging av unge vaksne. Ho gler seg til å skape møteplassar for samtalar om små og store ting, med både unge og gamle og dei midt i mellom.



Eva Kristin trivst i rollen som prest

Apropos møteplassar: Lik Sjømannskyrkjene rundt omkring i verda er det nye Kyrkjjetorget på Frekhaug senter allereie blitt ein møteplass og samlingsstad. Der er språkkafé, babysong, Open møteplass og bibeltimar. Eva Kristin avslørar at ho har tankar om kveldsgudstenester i dette lokalet og. Ho og dei andre i staben vil gjerne at Kyrkjjetorget skal vere eit lågterskeltilbod til alle; ein stad der ungdomar kan komme etter skuletid, dei eldre kan få seg ein kopp kaffi, nyttilflytta kan treffe lokale folk, dei som held på å lære norsk, får

øve seg saman med nordmenn, og barnefamiliar får treffe andre i same situasjon. Og endå meir... "Vi har eit ønske om å gjere terskelen låg for å kome til kyrkja. Det er ikkje berre oppe på Meland at det er kyrkje, men det er og kyrkje å komme hit til Kyrkjjetorget. Det er kyrkje når menneske møtast og himmelen er open".

Vi gler oss til å følgje Eva Kristin vidare i prestenesta, og håper på mange gode samtalar og møte med alle som kjem til Meland kyrkjelyd.

Nyttig, gøy og til nytte for andre

Tekst: diakon Ruben Sæle

Fasteaksjonsdag i Meland 5. april kl. 12.00-14.00 i Frekhaug senter

- Baklukuloppis
- Sykkelledlikehald
- Kafé

Det har blitt tradisjon å ha kafé og aktivitetar i senteret til inntekt for Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon den siste helga før påskeferien. I år blir det satsa ekstra på "baklukuloppis".

Har du mykje greier du ikkje bruker meir, men som andre kanskje kan ha glede av? Pakk det i bilen og ta det med på Frekhaug senter, sel det og la Kirkens Nødhjelp få inntektene! Gjenbruk er bra for naturen, for dei som får kjøpe ting dei treng, for dei som får hjelp av Kirkens Nødhjelp, og for deg – for du får bidra til ei betre verd medan du får rydda i huset.

Det blir også sykkelledlikehald, aktivitetar for barna og kafé. Kl.13.30 blir det loddtrekning med spennande program på Kyrkjjetorget.

Søndag 6. april blir det fasteaksjionsgudsteneste i Meland kyrkje kl. 11.00 der konfirmantane deltek.

REMA 1000
FREKHAUG SENTER
tlf.: 56 17 60 00

 **GLØDE**
Arbeids- og Kompetansesenter

Vi tilbyr utleige av flotte festlokale og har gode cateringtilbod til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær.
Sjå www.glode.no eller ta kontakt på 56 17 58 00

 **SKARSVÅG**
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11
Besøksadresse og Postadresse:
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag: STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager, ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

KIWI mini oris

for alle med sans for lavpris
FREKHAUG SENTER

Åpningstider: Man-lør: 07.00-23.00

Meland Auto AS
Autorisert bilverkstad
www.melandauto.no



ALT I CATERING

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE
www.catering.com • tlf. 56 17 43 23

Konfeleir er mykje leik og moro, og litt alvor

Tekst og bilete: Anne Marit Fosse Dahle

24.-26. januar var konfirmantane i Meland på leir på Fjell-ly på Sotra, 62 ungdomar og 10 leiarar.

Det var kjekke dagar med leik, fellesskap, aktivitetar, seminar og morgon- og kveldssamlingar. Dei tre seminara handla om bønn, nattverd og fasteaksjonen. Samlingane bestod av song, bønn, og nokon fortalde kva trua og kristent fellesskap betyr for dei.

Fredag kveld og laurdag morgon hadde vi besøk av Anders Wendel (tidlegare prest i Meland) og Marcus Olson frå Sverige, som hadde sterke historier å fortelje.

Leiren blei avslutta med gudsteneste som konfirmantane hadde førebudd.

Her er nokre glimt frå leiren:



Ikkje alle leirstader kan skryte av at dei har bowlinghall!



Boblefotball i gymsalen




Konfirmantane fekk ulike temaoppgåver på «50-leiken». Det er ein konkurranse om å løyse ulike oppgåver fordelt på 50 postar, ved å trille terning (for eksempel trille 1= finne post 1, neste gong pluss på førre resultat, eks. trille 5= finne post 6). Den første gruppa som kjem til 50, vinn! Denne gjengen fekk godt til å lage pyramide, som var ei av oppgåvene. Øverst fra venstre ser vi: William Olsen, Sondre Seliussen, Jonathan F. Skeie, Nicolay Solheim, Marvin Kristiansen, Brage Iversen (! bakgrunnen Kaspar Gripsgård Olsen)




Morgon- og kveldssamlingane starta med leirdans. Den vart leia av to unge studentar, Maria Skaugset og Oda Elise Grimstad, som brukte frihelga si på leir med Meland-konfirmantane.



Barnas



LABYRINT
Hjelp Maria
å finne
vegen til
grava.



FARGELEGG biletet av Jesus som viser seg for Maria etter at han døydde og stod opp att.



Teikning: Chiara Bertelli

Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

לכך קכקל זכ

קכק אל זכ

Vitsar:

- Du luktar så godt i dag. Kva har du teke på deg?
- Reine sokkar.

Det mystiske agentalfabetet:

| | | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| η | ∩ | Δ | ∩ | 7 | 1 | h | ∩ | γ | ∩ | ∩ | z | ∩ | | |
| A | B | C | D | E | F | G | H | I | J | K | L | M | N | O |
| ∩ | ∩ | ∩ | ∩ | ∩ | ∩ | ∩ | ∩ | ∩ | ∩ | ∩ | ∩ | ∩ | ∩ | ∩ |
| P | Q | R | S | T | U | V | W | X | Y | Z | Æ | Ø | Å | |



Har du høyrte om han som søv så tungt at senga knekte?



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Frå kyrkjebenken

Tekst og foto: Cathrine Grutle

Med seks spørsmål på blokka har jeg invitert meg hjem til Else Liv Hagesæther for å få et glimt av hvordan hun har det i kirkebenken.

Når jeg spør hvor lenge hun har vært aktiv i menigheten, så svarer hun smilende: Jeg har egentlig gått på møte eller gudstjeneste hele livet, det er en del av livsrytmen. Nå har jeg fått lande i Knarvik menighet, og det er veldig godt. Dette er min menighet.

Jeg har sittet mye alene i kirkebenker, men nå er jeg veldig glad for at jeg kan sitte i kirkebenken sammen med Ole.

– Hva er det du setter mest pris på ved menigheten vår?

– Akkurat nå er det deilig å kjenne at jeg får lov til å være den jeg er. Etterhvert som jeg har blitt eldre har også kreftene minket. Nå kan jeg ikke være like aktiv som jeg har vært tidligere. Nå opplever jeg at jeg har fått en annen oppgave. Bønnens oppgave. Hver morgen bruker Ole og jeg lang tid i bønn. Svigerfar hadde et sånt nydelig uttrykk, og han kalte det for «kyrkjebenkenens nådegave». Jeg kan ikke lenger gjøre så mye, men jeg kan be, og det er en meningsfull oppgave.

– I Knarvik har vi en ganske ny kirke, hva synes du om den?

– Kirka vår er fantastisk å komme inn i. Jeg er utrolig takknemlig for kirkerommet som stemmer til andakt og høytid. Alttertavlen er som en preken i seg selv, uavhengig av hva presten snakker om. Hver eneste søndag må jeg lete frem de fem røde glassbitene. For meg er de bildet på Jesu fem sår på korset, så takker jeg for det Jesus gjorde for oss.

– Nå har du vært en del av menigheten i mange år. Hvordan vil du skildre den?

– Else Liv tenker seg om før hun sier: Jeg skulle gjerne sett at flere fra mellomsjiktet kommer på gudstjenestene våre. De unge voksne og småbarnsfamiliene. Jeg savner dem. Det er ikke noe som er enestående for vår menighet, men det er en utfordring for oss. De som kommer etter oss, må også få inn den gode rytmen med å gå på gudstjeneste på søndag.

Så er jeg opptatt av at alle må kjenne seg velkomne når de



kommer til kirka. Og der er kirkekaffen en viktig arena.

– Kjennetegnet på en god kirkekaffe er at vi klarer å romme alle mennesker. På en god kirkekaffe har jeg blitt litt bedre kjent med et annet menneske. Det er ikke sikkert alle klarer å sette seg ned ved et bord til å begynne med, men de kan stå med en kaffekopp i hånden så lenge noen prater med dem. Hva om vi fikk oss noen høye runde bord som vi kunne stå rundt? Det tror jeg hadde gjort det litt lettere for folk å stoppe opp.

– Til sist spør jeg om hvilken salme Else Liv gjerne synger på nå om dagen.

– Jeg er veldig glad i salmer, men jeg kan ikke synge lenger, og det er veldig frustrerende. Men i stedet for å synge så leser Ole og jeg en salme hver morgen. Akkurat nå leser vi «Jesus styr du mine tanker». Det er en god avslutning på bønnestunden vår.

Favorittsalmen er «Jeg tror på jordens forvandling». Den har både Else Liv og Ole bestemt at skal være med i begravelserne deres. Det er fint å kunne planlegge, men vi er mange som håper det er lenge til den dagen kommer.

**Torsvik Elektro AS er total-leverandør
av elektroinstallasjoner i Alver**

Vi utfører:

Bolig og industri • Alarm
Billadere • Adgangskontroll
Tele/data-nettverk •
Automatisering •
Godkjent for kontroll
av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no

KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG

**Torsvik
ELEKTRO**

Bygg Team
VEST AS



Alt innan tømrarfaget!

«Lys, lys levende» – påskemusikalen på Ostereidet og Lindås!

Tekst: Turid B. Hølleland

Foto: Arthur Kleiveland og Anders Eidsnes

Vinteren er over, og koret Te Deum og Ostereidet Soul Kids frå Ostereidet drar i gang vårens oppleving for liten og stor. Den store og viktige fortellinga om død som blir til liv – slik våren vaknar etter frost og død. Det heile finn stad 4.-5 april i kyrkjene på Ostereidet og Lindås. Og jamvel ei framsyning i Masfjorden. På Lindås har dei med seg barnekoret NONSTOP med som gjestar på nokre songar.

Det er song, skodespel og dans, med born, ungdomar, vaksne og veldig vaksne folk . Her er fargar, nydelege kulissar og artige kostymar!

Me vert invitert til dramaet som skjedde for litt over to tusen år sidan:

Det er påske, alle reiser til tempelet i Jerusalem med song og dans. Me møter Jesus som rir inn til Jerusalem med jublande menneske rundt seg . Men det vert bråk, og Jesus får mange fiendar. På torsdagskvelden samlar han dei næraste venene sine til kjærleiksmåltid.

Jesus vert tatt til fange om natta, vert svikta, vert dømt til å døy. Han må bere korset til staden der han til slutt dør - på ordentleg. Men det hadde vorte profetert at døden skulle overvinnast. Og akkurat det skjer - Jesus vart «lys, lys levende»!

Kyrkja har hatt mysteriespill, eller påskespill, i mange, mange hundre år. Te Deum og Ostereidet Soul Kids framførte deler av musikalen for første gong i 2016. I fjor framførte dei han på nytt, og i år utvidar dei med meir drama, og fleire kyrkjer får i år oppleve denne flotte framsyninga!

Kora har øvd sidan jul, og dei har fellesøvingar og til slutt sett av ein heil laurdag for å øve og vera i saman. Store og små kulissar og rekvisittar må lagast, settast opp og takast ned att – og opp igjen i ei annan kyrkje. Store og små detaljar er på plass. Musikalen er felles innsats med stor glede og engasjement!

Alle er hjarteleg velkomne.

I musikalsk glede og håp – og til å vera saman!



«Lys, lys levende»

– et påskespill av Jon Kleiveland, Tore Thomassen, Jan Gossner og Randulf Roaldsnes. Musikalen blei første gang framført i Kristiansand Frikirke i 2009. Framført av kora Te Deum og Ostereidet Soul Kids. Ostereidet kyrkje fredag 4. april kl. 18.00
Lindås kyrkje laurdag 5. april kl. 16:00 – Gjester: NONSTOP
Sandnes kyrkje søndag 6. april kl. 16.00
Gratis inngang, kollekt ved utgangen.

| | | |
|---|---|---|
|  | EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE Torvhusmyrane 6 Nordhordland Næringspark 5913 Eikangervåg Tlf: 56 34 24 30 E-post: post@helland-elektro.no www.helland-elektro.no Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA |  |
|---|---|---|



Fasteaksjonen

Håp i ein drope vatn

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

Reint vatn er blitt varemerket til Kirkens Nødhjelp. For vatn er avgjerande for mange sider av livet: helse, utdanning, arbeid, matproduksjon, tryggleik, likestilling, verdigheit, fred.

Reint vatn har ringverknader på mange område:

- Helse – kroppen treng vatn, og reint vatn hjelper oss å unngå sjukdomar.
- Utdanning – gå på skule i staden for å bruka dagen til å gå langt for å henta vatn til familien. Dette gjeld i særleg grad jenter.
- Arbeid – vatn gjev arbeidsplassar, t.d. i jordbruk og fabrikkar
- Matproduksjon – naturen er avhengig av vatn for å gje oss mat.
- Tryggleik – når reint vatn vert tilgjengeleg i landsbyen, slepp ein å gå langt gjennom område med uvisse og trugsmål. Dette gjeld særleg for kvinner og born.
- Likestilling – mange stader er det forventat at jenter og kvinner skal skaffa vatn til familien. Når dei må bruka mykje tid til å henta vatn, går samfunnet glipp av ressursane deira.
- Verdigheit – alle menneske har rett til reint vatn utan å stilla bak i køen.

- Fred – når vassressursane er knappe, oppstår det kamp om vatnet. Difor er tilgang til vatn også fredsarbeid.

«Safe drinking water» heiter det gjerne på engelsk. For vatn skal både vera trygt og kjennast trygt.

Ein drope om gongen

Angola, Malawi og Tanzania er nokre av dei landa der Kirkens Nødhjelp hjelper småbrukarar til å få effektive vatningssystem.

Systemet er enkelt og effektivt: Ein perforert slange går ut frå eit stort kar med vatn. Slangen har eitt hol for kvar plante slik at vatnet kjem der planten står.

I tørre område sparer ein mykje vatn med dette utstyret. For viss ein åker vert «dusja» over alt, vil mykje vatn koma der det ikkje vert utnytta, og vil oftast fordampa. Men når kvar plante får éin drope om gongen, kan planten ta opp vatnet og nytta det maksimalt.

Når Kirkens Nødhjelp skaffar ein startpakke for slik vatning, betaler bonden rundt 100 kr. Saman med utstyret får bøndene rådgeving og oppfølging for å sikra at det fungerer.

I desse områda av Afrika kan dei hausta avlingar tre gonger i året, og dei har ofte tent inn att investeringa etter 3-4 månader.

Småbønder gjev kortreist mat

Det gjev håp å sjå at plantane veks, at det nyttar. Småbønder får arbeid, og det gjev verdigheit når ein opplever at ein kan dyrka mat både til seg sjølv og andre.

Kirkens Nødhjelp sine lokale folk jobbar med å leggja til rettes for avsetnad på maten. For tilgang til marknaden er viktig for at så mange som råd er, får høve til å skaffa seg kortreist, sunn mat.

Dette er også klimavenleg. Dyrkingsmetoden og den korte transporten til lokal marknad medfører eit minimum av utslapp, og det reduserer talet på klimafflyktningar.



Husker du
at du puttet på
den pengen
i den bøssa
og tenkte
jaja en dråpe i havet
så ble det plutselig
en brønn

Trygve Skaug

Innsamling, fasteaksjonen

Osterfjorden sokn: Dør-til-dør-innsamling søndag 23. mars

Meland sokn: Aktivitetar med innsamling i Frekhaug senter laurdag 5. april

Lindås og Radøy sokn: Dør-til-dør-innsamling tysdag 8. april

Knarvik sokn: Digital innsamling

Besøk på døra eller ikkje – bruk gjerne Vipps til 2426 eller SMS – VANN til 2426

**Knarvik
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no



NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale
gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR

deg

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1
Alversund

Havnevegen 31
Frekhaug

Elvavegen 1
Dalekvam

VATNE

begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)

Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

vatne-byra.no

Eit puslete liv? Nei, langt ifrå!

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl



NAMN: Ole Marton Ølberg

ALDER: 42

JOB: Sokneprest i Lindås sokn

SIVILSTAND: Gift med Hanne Zimmermann-Ølberg, sokneprest i Salhus

BARN: Joel (8) og Emma (10)

PUSLEROMMET: Fokus og konsentrasjon er nøkkelen for å bli ein god puslespelar, fastslår Ole Marton Ølberg

Dei som trur at puslespel er Ole Marton Ølbergs einaste hobby, tek grundig feil. Musikk, teikneseriar, brettspel, fotball og fjellturar står også høgt i kurs hjå 42-åringen.

Soknepresten i Lindås sokn er neste person ut i serien Presten På Privaten.

Han er for lengst blitt lokal kjendis for sine lynraske trekk på puslebrettet, og han blir skuffa dersom han brukar meir enn éin time på å setja saman 500 brikker. To knallsterke 11. plassar i VM i puslespel talar sitt klare språk.

Men no skal vi la brikkene liggje i ro ei stund og gje rom for andre sysler som opptek Ole Marton, opprinneleg frå Oslo.

– Så kva brukar du fritida di på når du ser bort frå kvardagslege gjeremål i heimen?

– Det er eigentleg så mangt. Eg er veldig glad i musikk, har stor sans for visse artistar innan ulike stilartar som hip hop, rock, soul og klassisk musikk. No for tida høyrer eg mykje på Franz Schubert og hans pianosonater. Til og frå jobb høyrer eg alltid på musikk i bilen – frå egne spelelister.

– Då blir det vel roleg klavermusikk på veg til kontoret på Lindås?

– Nei, då går det mest i rockelåtar!

Viking og Manchester United

Ole Marton og kona Hanne, som er sokneprest i Salhus, bur på Ikenberget og har ein gut på 8 og ei jente på 10. Borna er med i speidarane, dei syng i kvart sitt barnekor, i tillegg til at Joel spelar fotball medan Emma går på turn.

– Det er travelt for oss alle, men eg tar meg likevel tid til å spele fotball ein gong i veka innandørs i gymsalen på den gamle barneskulen i Knarvik. Vi er ein gjeng som kallar oss Knarvik herregymnastikk.

– Du er ikkje redd for idrettsskader då?

– Eg er konstant idrettsskada, svarar han med eit smil om munnen, og legg til:

– Tidlegare var eg aktiv fotballspelar, men no toler knea mine trening berre ein gong i veka. Hanne og eg tar det igjen med fjellturar rundt om i distriktet her.

42-åringen er også hjelpetreinar for Joel sitt lag i NBK. Og berre for å ha nemnt det: Ole Martons favorittlag er Viking og Manchester United. Dei følgjer han tett!

Donald, Asterix og Sprint

– Andre interesser?

– Eg trur eg trygt kan kalle meg ein teikneserieentusiast. Opp gjennom åra har eg samla på mange forskjellige blad.

– Og favoritten er?

– Det er nok Donald Duck & Co. For ein del år sidan sto eg to timar i kø for å få signaturen til den kjende Donald-teiknaren Don Rosa frå USA under hans vititt i Bergen. Då eg kom ut frå Outland på Strandkaien, der Rosa signerte bøker, gjekk køen heilt opp til rådhuset. Eg vil påstå at det er få nolevande forfattarar i verda som hadde kunna framskaffe så lang kø.

Soknepresten har også samla på franske og belgiske teikneseriar, som klassikarane Asterix og Sprint. Og blada finn han i gjenbruksbutikkar. Han kjøper sjeldan nye blad.

– Interesse for fantasy-litteratur har også følgd meg opp gjennom åra. Det same med brettspel, eg er medlem i Nordhordland Brettspillklubb.

Tett på Lofotkatedralen

Faren til Ole Marton var også prest. Det førte familien til Vågan kyrkje i Kabelvåg i Lofoten då han berre var tre år gamal. Vågan kyrkje er betre kjent som Lofotkatedralen, og familien budde rett over vegen frå kyrkja i 11 år.



FULLE HYLLER: – Kva skal eg pusle i dag? Utvalet er stort!

Vegen vidare er kort fortalt fire år i Bodø, deretter studier ved Misjonshøyskolen i Stavanger, vel fire år som vernepliktig og prest i forsvaret ulike stader i landet, eit kort vikariat i Fyllingsdalen, før han vart fast tilsett som sokneprest på Lindås hausten 2015.

– Litt av eit nomadeliv?

– Ja, men inspirerende og kjekt alt saman. Fatteren og mutteren drog forresten til sjømannskyrkja i Singapore like etter at vi borna hadde flytta ut. Eg hugsar eg var litt skuffa over at dei ikkje reiste før, slik at eg kunne vere med dei dit.

Historier til refleksjon

Ole Marton er leiar i kulturgruppa i Alver kyrkjelege fellesråd og er kjent for sine artige og underfundige innslag på fellessamlingar for dei tilsette.

– Kollegaene dine peikar på at du alltid er i godt humør. Er humor noko du bruker bevisst i prestegjeringa di også?

– Eg hindrar det i alle fall ikkje. Og det hender at eg bruker historier frå eige liv, eller frå ulike interessefelt, eller noko eg finn morosamt, som inngang på eit tema som kanskje i utgangspunktet er krevjande å forstå. Forhåpentleg kan noko av det skape refleksjon og ettertanke.

– Tilbake til puslinga di, kor tid er neste meisterskap?

– Det blir NM på Karmøy i slutten av mars, VM i Spania i september får eg dessverre ikkje med meg i år.

Avsluttar Ole Marton Ølberg, som slett ikkje lever eit puslete liv, snarare tvert om!



Håp i ein drope vatn

Av Gunnar Kartveit

Ein konfirmant hadde gått frå dør til dør med fastebøsse. Han vart - som konfirmantar flest - godt motteken. Men med eitt unntak. «For», sa han, «me hadde med ein brosjyre der det stod: «Me fann deg ikkje heime.» Men me skulle også hatt ein brosjyre som sa: «Eg såg deg i vindauga».

Konfirmantar og vaksne går med bøsser frå dør til dør, i all hovudsak 6.-8. april i år. Dette skjer landet rundt, og også dei fleste stader her hjå oss. Og folk er flinke til å gje til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.

Men kan ein drope vatn gje oss håp i 2025? Er det dét vi må nøya oss med? Det får no vera måte på måtehald!

Eit gamalt og velkjend ordtak seier at havet består av dropar. Difor er kvar krone som kjem på bøssene eller på Vipps, kvar for seg del av noko stort.

For dei pengane som kjem på fastebøssa, vert forvandla. Dei blir til vatn, dei blir til håp, dei blir til mat, dei blir til liv.

Håpet har to døtre, seier Augustin. Det er sinne og mot. Sinnet seier: Dette finn eg meg ikkje i, eg vil ikkje ha det slik! Og motet seier: Dette vil eg endra!

Nesten 800 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. Det kan me ikkje finna oss i! Difor arrangerer Kirkens Nødhjelp fasteaksjon, og seier: Dette vil me endra! Reint vatn er ein del av å skapa fred og rettferd og å redda liv.

Verda er uroleg, og det er mangt som prøver å ta motet frå oss. Nettopp difor er handlingane våre no så viktige, handlingar som styrkjer og støttar byggjande arbeid. Og når vi legg pengar på bøssene, viser vi bøsseberarane at vi er med i kampen for det gode. For ein del av fasteaksjonen er å gje opplæring til dei unge om årsakene til fattigdom og urettferd, og at vi kan gjera noko med det.

Ordet faste vert gjerne brukt om å avstå frå mat eller noko anna. Og det kan vera bra. Og så inneber det gjerne

at me vender blikket innover, mot oss sjølve.

Men kristen faste har alltid blikket utover, mot andre. Der er det nok å ta tak i. Så då kan me trengja både sinne og mot. Og det nyttar i alle fall ikkje å gøyma seg bak gardina og la vera å opna opp når nokon kjem med ei bøsse. Berre sjå kva profeten Jesaja seier:

«Er dette den fasta eg har valt, ein dag då mennesket plagar seg sjølv bøyer hovudet som eit siv og legg seg i sekk og oske? Kallar du dette for faste og ein dag etter Herrens vilje? Nei, dette er fasta eg har valt: Å løysa urettferdige lenkjer, sprengja banda i åket setja undertrykte fri og å bryta kvart åk sund, å dela ditt brød med den svoltne og la hjelpelause og heimlause koma i hus.

Du skal sjå til den nakne og kle han, Du skal ikkje snu ryggen til dine eigne.

Jes, 58, 5-8

Dette er eldgamle ord. Men dei er dagsaktuelle!

KULTURKALENDER

4.april

Ostereidet kyrkje kl. 18.00

Lys levende, ein påskemusikal. Framført av Ostereidet Soul Children og Te Deum. Kollekt

5.april

Lindås kyrkje kl. 16.00

Lys levende, ein påskemusikal. Framført av Ostereidet Soul Children og Te Deum. Gjestar: NONSTOP. Kollekt

6.april

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Konsert "Ein Deutscher Requiem" av J. Brahms med Seim songkor, Alversund kammerkor
Solistar - Lydia Hoen Tjore og Lasse Økland
Piano - Øyvind Aase og Dèsirè Paulsen
Pauker - Svein Fjermestad
Opplesing - Håvard Giezendanner
Dirigent - Arild Rohde

13.april

Hundvin kyrkje kl. 17.00

"PÅSKESANG, påskeevangeliet i ord og tonar" ved songfelleskapet Hatikva.

4.mai

Myking kyrkje kl. 18.00

Konsert "Dag for dag"
Jon Martin Skauge m/ fleire

10. mai

Knarvik kyrkje kl. 18.00

Konsert med internasjonal klang: Ukrainsk, svensk, italiensk, polsk og norsk. Lise Herland, Kateryna Panukhnyk, Katarzyna Leikvoll, Alversund kammerkor, Frank Antoniazzi, Magnus Blom og Odd Leif Mjøs ønskjer velkommen til konsert!

24. mai - 1. juni

Alversunddagane med arrangement m.a. i Alversund kyrkje og Alversund kyrkjelydshus. Sjå annonse i lokalavisene.

1. juni

Alversund kyrkje kl. 19.00

«Visst skal våren komme.» Song- og korkveld med Alversund kammerkor.

15. juni

Manger kyrkje kl. 17.00

Radøy damekor - jubileumskonsert
Koret feirar jubileum med utvalde songar frå dei siste 25 åra.
William Kay er musikalsk ansvarleg. Han har med seg Martin Frantzen på slagverk og Morten Kleveland på bass.
Spesielle gjestar: Koret sin tidlegare dirigent Jurate Norkuviene med damekoret sitt frå Litauen.



I kyrkja får eg fred og samhøyre og får ta i mot Guds ord, fortel Arnold, her på kyrkjekaffien ein dag i februar.

Mi historie:

Før leita eg etter noko, men ikkje no lenger

Tekst: Anne Sofie Uthaug

Foto: Arve Kjell Uthaug.

Arnold Taranger er 68 år, fødd i Canada, men har budd på Frekhaug frå han var 4 år til no. Han har to vaksne barn og to barnebarn. Han har vore reinhaldar i Nordsjøen det meste av yrkeslivet, er no pensjonist, men jobbar på Mongstad.

– Eg gjekk på søndagsskulen som barn, fortel Arnold.
– Mor mi var kristen og pinsevenn, og eg var med på møte av og til. Noko har hengt i frå det heile livet, eg har hatt ei tru på at det var noko meir mellom himmel

og jord. Men i 2017-2018 fekk eg nyrestein, og då oppdaga dei i tillegg at eg hadde kreft i ei nyre. Nyrekreft er vanskeleg å oppdage, men pga. nyrestein var eg heldig som fekk kreften avslørt, sa legen. Dei kunne setje i gang behandling, og eg vart frisk av kreften. Eg stilte meg sjølv spørsmålet: Var det tilfeldig, eller låg det noko meir bak? Eg konkluderte over tid at det er ein Gud som passar på.

– I 2019 tok eg valet, eg ville overgje livet mitt til Gud, fortel Arnold vidare.- Eg ville ha samfunn med han og bli døypt. Eg var ikkje døypt som barn, sidan mor var pinseven. Bjørn Tore Sæle døypte meg i Meland kyrkje. Det var ei fin oppleving. Eg har følt at det har mangla noko i livet, noko som eg var på leit etter. Etter at eg tok valet om å følgje Jesus, fekk eg meir ro innvendig. No leitar eg ikkje lenger. I kyrkja får eg fred og samhøyre og får ta i mot Guds ord. No går eg på Alphakurset, og det gir inspirasjon. Det vert meir og meir tydeleg for meg at valet eg tok, angrar eg ikkje eit sekund på, det følest veldig godt.

På spørsmål om kva Jesus betyr for han no, svarar Arnold: - Jesus døydde for oss alle - også for meg. Eg kan kome til han med alt som ligg på hjarta, både det gode og det vanskelege. Jesus er der, og eg føler meg trygg uansett kva som skjer. Han veit det beste for oss. Det er godt å få be til han. Eg har også trygghet for livet etter - ein himmel som ventar, saman med Gud.

Lurer du på meir om kristen tru?

Ta kontakt med kyrkjekontoret eller ein i staben.

Har du ein kristen venn? Spør!



Afghanske Shaah Bibi fekk livet totalt endra

Foto: Sat 7. Pars

Kjelde: nms.no/video/shaah-bibis-vitnesbyrd/

Teksten frå video er tilrettelagt av Åshild B. Furukawa, misjonsutvalet

Eg trur det var Guds vilje at eg skulle sjå denne kanalen! Eg har sett på satellitt-kanalar i lang tid, men eg hadde aldri lagt merke til denne kanalen før. Shaah Bibi, som no er i Tyrkia, fortel om sitt møte med SAT-7. Det er TV-kanalen som Meland kyrkjelyd samlar inn pengar til.

-Ein dag på veg heim følte eg meg frustrert. Eg tenkte: Kor er Gud! Kvifor er han alltid nær dei rike og hyklerske? Eg fann ikkje Gud, og vart opprørt! Same dag kom eg over denne kristne satellitt-kanalen.

Eg vart nysgjerrig på kva dei snakka om. Den gongen kjente eg Jesus som ein stor profet. Eg visste ikkje at Jesu er Herre, for i muslimske land let dei oss ikkje læra om andre trusretningar. Som analfabet var det mykje eg ikkje forstod.

Eg såg på denne kanalen dagleg i ei veke og oppdaga at alt eg nokon gong hadde ynskt meg, fann eg i kristendomen. Som det å ikkje lyga, tilgjeving, og mange andre ting. Eg lytta og såg, - såg på ein kristen TV-kanal! Etter å ha sett på kanalen i ein månad, vart eg truande. Eg prisar Herren for trua og frelsa!

Dei har truga oss med at dei vil kutta oss i bitar og senda lika vår til Afghanistan. Då svarar eg: «Det må de berre gjera. Ein dag kjem eg til å døy uansett, på ein eller annan måte». Familien min har også truga meg. Endå i dag er dei ikkje gode mot meg. Men djupt inni hjarta mitt er det glede, og eg ber om at også desse menneska må verta frelste.

Når dei snakkar slik til oss, kan dei ikkje forsvare det med at kristendomen er ein dårleg og farleg religion. Kristendomen skaper ikkje krig og elendigheit!

Herren er alltid med meg og tek vare på meg. Han har gjeve meg ein fred som eg aldri har kjend før.

Eg brukte kjenna meg einsam då eg mista foreldra mine i ung alder. No er eg i eit framandt land, men kjenner meg likevel ikkje åleine, fordi Gud er med meg. Og min Gud lever! Eg ber om forløyning og fridom for afghanske kvinner, for dei lir verkeleg! Gud kan ta bort deira smerte og gje dei fred i hjarta, eg bed alltid om at dei skal verta frelste.

Eg har ikkje ord for den gode kjensla av å ha Gud i livet mitt. Det er som han er her på jorda og snakkar til meg. Når eg ser attende på livet mitt, levde eg eigentleg ikkje. Det var mørke og elendigheit. Eg vil oppmuntra folket mitt til å læra om kristendomen, og sjå at det ikkje er religion, men eit forhold til Gud! Og du kjenner deg ikkje einsam, for du veit at Gud alltid er med deg!»

Specsavers[®]

OPTIKER I KNARVIK
-Bestill synsprøve nå!
RING 56 35 14 66

Tankestrek

Av Berit Nøst Dale

Alpha-kurs på Frekhaug

Alpha er eit kurs som skapar ein plass der folk kan kome saman og diskutere livets store spørsmål. I januar starta Meland kyrkjelyd eit slikt kurs på Kyrkjetorget i Frekhaug senter. Men kva er det eigentleg?

For å ta det heile frå byrjinga:

Alpha oppstod i 1977 i ei kyrkje i London kalla Holy Trinity Brompton. Dette kurset blei ført vidare av Nicky Gumbel i 1990 og relansert som eit kurs for dei utanfor kyrkja. Talet på personar som deltok på Alpha, blei raskt hundrevis, og dette fekk stor merksemd frå andre kyrkjer - frå alle kyrkjefamfunn - på jakt etter eit godt kurs om kristendommen.

I 1993 blei den første Alpha-konferansen halden, der over 1000 kyrkjeleiarar deltok for å lære om Alpha og korleis dei skulle implementere det i kyrkjelyden. Etter kvart som interessa steig, blei Alpha-konferansar halden over hele verda, og den første Alpha Film Series blei spilt inn i 1994 for å nå eit så breitt publikum som mogleg.

No har millionar av menneske over heile verda prøvd Alpha, og det har blitt omsett til 112 ulike språk. Alpha-talane har blitt gjort om for dagens publikum. Sjølv etter kvart som tida har endra seg, har Alpha-kurset halde fram å bli brukt av kyrkja som eit godt verktøy for å nå stadig fleire med evangeliet om Guds kjærleik i Jesus Kristus.

Ein vanlig kurskveld startar med eit måltid, hos oss med ei god suppe med brød, og ein prat og litt song. Så ser vi ein video med tale av Nicky Gumbel - ja, han er still going strong - før vi drikk kaffi og har ein pause før gruppemøtet på tre kvarter. Og det tar til saman vel to timar. Kurset varer i 11 veker, så kvar torsdagskveld fram til midten av mars var det fullt hus på Kyrkjetorget.

Vi som har delteke, har hatt interessante og gode kveldar. Andre lokale kyrkjer har også arrangert Alpha i det siste.

Ville du også vore med på eit Alphakurs? Følg med på <https://norge.alpha.org/try-alpha/>, der blir nye kurs kunngjort etter kvart som dei blir planlagt.



DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

Besøks- og postadresse kontor og Møteplassen: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug.

Opningstid: Kontoret på Frekhaug er til vanleg bemanna man-fre kl. 10-15. Ta gjerne kontakt for avtale.

Telefon: 4000 1691
kvar dag kl 10.00 – 14.00.
post.meland@kyrkja.no
www.melandkyrkja.no

Facebookside: Meland kyrkjelyd

Kontonummer: 3632 07 04019

Vipps: 59301

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

Alver kyrkjelege fellestråd
Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø
post.alver@kyrkja.no
www.kyrkja.no/alver

Leiar i fellestrådet: Sølvi Knudsen

Kontakt

Utgevar: Soknerådet i Meland sokn, i samarbeid med Osterfjorden sokn, Mo sokn, Knarvik sokn, Radøy sokn og Lindås sokn.

Redaktør: Berit Nøst Dale

Lokal redaksjon: Solveig Westermoen, Anne Sofie N. Uthaug

Grafisk design: Simen Søvik

Trykk: Aksell

Framsidedeilete: Serhii Zahrebelnyi og Rolf Sandstad gjer syklane klare for våren.

Foto: A. K. Uthaug



Følg oss på Facebook:
[@melandkyrkja](https://www.facebook.com/melandkyrkja)



Magnus Blom

Kyrkjemusikar - 458 60 571
mb297@kyrkja.no



Anne Marit Fosse Dahle

Kyrkjelydspedagog - 400 01 691
ad423@kyrkja.no



Gyda Matland

Administrasjonssekretær
400 01 691 - gm663@kyrkja.no



Mounir Sarhan

Kyrkjetenar - 471 91 961



Bjørn Tore Sæle

Sokneprest - 450 35 084
bs694@kyrkja.no



Ruben Sæle

Diakon med ungdomsfokus
400 01 691 - rs433@kyrkja.no



Helge Taranrød

Prost
ht759@kirken.no



Per Arne Traa

Soknerådsleiar - 415 59 121
perarnetraa@gmail.com



Anne Sofie Nergård Uthaug

Dagleg leiar - 404 62 647
au887@kyrkja.no



John Fredrik Wallace

Kyrkjevevje
jw734@kyrkja.no



Eva Kristin Dale Wessman

Spesialprest (vikar)
957 30 733 - Ew562@kyrkja.no

GUDSTENESTEKALENDER



Meland

16.03.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Eva Kristin Dale Wessman
2. søndag i fastetida

23.03.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Bjørn Tore Sæle
Maria bodskapsdag

30.03.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Bjørn Tore Sæle
3. søndag i fastetida

06.04.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Bjørn Tore Sæle, Eva Kristin
Dale Wessman
4. søndag i fastetida

09.04.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Bjørn Tore Sæle

10.04.2025 10:30

Gudsteneste med nattverd
Bjørn Tore Sæle

13.04.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Eva Kristin Dale Wessman
Palmesøndag

17.04.2025 19:30

Gudsteneste med nattverd
Eva Kristin Dale Wessman
Skjærtorsdag

18.04.2025 11:00

Gudsteneste Bjørn Tore
Sæle
Langfredag

20.04.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Bjørn Tore Sæle
Påskedag

23.04.2025 19:00

Musikkandakt Magnus Blom

27.04.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Bjørn Tore Sæle
2. søndag i påsketida

04.05.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Bjørn Tore Sæle
3. søndag i påsketida

07.05.2025 19:00

Musikkandakt Magnus Blom

11.05.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Eva Kristin Dale Wessman
4. søndag i påsketida

17.05.2025 11:45

Gudsteneste Bjørn Tore
Sæle

18.05.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Eva Kristin Dale Wessman
5. søndag i påsketida

29.05.2025 12:00

Gudsteneste Bjørn Tore
Sæle
Helgetorsdag

01.06.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Bjørn Tore Sæle
Søndag før pinse

08.06.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Bjørn Tore Sæle
Pinsedag

09.06.2025 19:30

Gudsteneste med nattverd
Eva Kristin Dale Wessman,
Ruben Sæle
2. pinsedag

15.06.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Bjørn Tore Sæle, Eva Kristin
Dale Wessman
Treeiningssøndag

18.06.2025 19:00

Musikkandakt Magnus Blom

22.06.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Bjørn Tore Sæle
2. søndag i treeiningstida

29.06.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Eva Kristin Dale Wessman
3. søndag i treeiningstida

25.05.2025 11:00

Gudsteneste med nattverd
Eva Kristin Dale Wessman
6. søndag i påsketida



Slekters gang

Dåp i Meland sokn

27.10.2024 Kamilla Haukeland Skurtveit
10.11.2024 Marion Mardal
10.11.2024 Filippa Rosnes
24.11.2024 Emma Ulvesæter
08.12.2024 Eileen Espelund
19.01.2025 Noah Haugland Rosslund
02.02.2025 Arn Hiis Bergh
02.02.2025 Elina Helgestad Sulebakk
02.02.2025 William Askeland Johnsen

16.02.2025 Ulrik Kobbeltvedt Eikeland
16.02.2025 Matheo Omland Haugen
16.02.2025 Emilie Davidsen Breivik

Gravferder i Meland sokn

29.10.2024 Aslaug Johanne Wergeland
30.10.2024 Brita Dale
19.11.2024 Torgeir Hannisdal
26.11.2024 Johan Viken

29.11.2024 Alice Marie Methlie Bjørndal
06.12.2024 Sigfrid Sagstad
03.01.2025 Sigmund Kjell Grønhaug
07.01.2025 Erling Asbjørn Hammer
10.01.2025 Kolbjørn Gisle Fosse
24.01.2025 Magnor Olav Ryland
04.02.2025 Osmund Stople
07.02.2025 Ove Jørgen Bjelke
07.02.2025 Bjørn Hagen